



Michael Røsland takkar for gåva på 100 tusen som han tok mot saman med Berit H. Myklebust og Lene G. Skjelnes i Uskedal helselag. T.v. står utdelar Jorunn Nordtveit.

**Heile 3.295.000 kr vart delt ut i løpet av to timar til ulike lag og organisasjonar under gåvedryset frå Sparebank1 stiftinga Kvinnherad på Husnes onsdag kveld. Det var 47 søkjarar som fekk gåve denne kvelden. Tidlegare i veka hadde det vore utdeling på Stord og i Odda slik at det totalt vart gjeve 66 gåver ut frå 97 innkomne søknader.**



Uskedalen var bra representert under gåvedryssset i kveld.

Det var 5 gaver som gjekk til lag frå Uskedalen. Størst av desse var gåva til Uskedal helselag som fekk tildelt 100 tusen til turstiar og treningsapparat i 'Gull av grus'-prosjektet. Uskedal skulemusikk fekk 15.000 kr til oppstart av eit prosjekt kalla 'Glederen - ei musikalsk helsing'. Uskedal idrettslag fekk gaver til tre ulike gode prosjekt. Fotballgruppa fekk den største på 50.000 kr til nye fotballmål på Heio medan skigruppa fekk 10.000kr til skistavsentral. Dette er til innkjøp av rulleskistavar som skal vera til utlån. I tillegg fekk Uskedal idrettslag 25.000 kr til prosjektet 'Bli høyr!' som er innkjøp av transportabelt høgtalaranlegg til bruk under ulike arrangement. I tillegg var det fleire andre gåvemottakarar som har uskedelingar som aktive medlemmer. Til liks med dei andre gåvemottakarane hadde også Uskedalsrepresentantane fine takketalar då dei mottok gåvene. Aller første gåve som vart delt ut, var til skigruppa. Knut Johannes Ripel og Bjarte Døssland representerte gruppa som mottakarar. Bjarte kvitterte med følgjande takketale på rim som vart kjapt til i minuttane før den vart presentert:

Medan andre ungdommar ligg og navar  
 Treng borna i Uskedal rulleskistavar.  
 Dei er spreke, men veks så forferdeleg fort  
 Dei langs løypene reke med skistav for kort  
 Så fekk vi no pengar  
 til stavane mange  
 Det nauder`kje lenger  
 om borna vert lange.  
 Hjarteleg takk for gåva så god  
 Vi skal sanneleg vita å nytta ho!  
 Tusen takk!

I mange av takketalane vart det understreka kor viktige gåvene var for det frivillige lags- og organisasjonslivet. Det vart også understreka at det var ei viktig støtte og inspirasjonskjelde til alt dugnadsarbeidet som vert gjort rundt i bygdene.

Gjennom dei 5 åra ordninga har eksistert har det vorte behandla over 1000 søknader. På 2/3 av desse har det blitt gjeve positivt svar, og til saman har det vorte delt ut gaver på 35 millionar. På samlinga vart det også sagt at det vert 5 nye millionar til utdeling til våren så det er berre å planleggja gode prosjekt og førebu søknader.

Åsmund Kåre Rørvik har vore dagleg leiar sidan starten. Frå nyttår går han over i pensjonistane sine rekkjer, og då overlet han roret til Daniel Morso som kjem nordfrå og har flytta til Kvinnherad.



Rimsmed Bjarte Døssland takkar for gåva han mottok saman med Knut Johannes Ripel på vegne av skigruppa.





Anja Stüter takkar for gåva til skulemusikken som ho mottok saman med musikanane Amalie H. Rød og Camilla M. Ripel.



Helene Huse Bjørnebøle takkar for 25.000 til høgtalaranlegg som ho tok mot saman med Hilde Tungesvik Myklebust.



[Kjetil Myklebust takka for 50.000 til fotballmål som han tok mot saman med Atle Hauge](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland